


KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/8

Jula 1987

41. Årg.





De utstrakte henders høytid

Så rekker jeg deg nu med glede min hånd,
kom, skynd deg å gi meg den annen.
Så knytter vi kjærlighets hellige bånd
og lover å elske hinannen.

Det er Gustava Kielland, gjerne kalt "kvinneforeningens mor" som har gitt oss denne sangen. På en genial måte er det her gitt uttrykk for julens hovedmotiv: JULEN ER DE UTSTRAKTE HENDERS HØYTID.

I Kristus Jesus rakte Gud sine frelsende hender til den falne slekt. Ordet ble kjødt. Stengte dører, knyttede never møtte den evige Gud. "Han kom til sine egne, men hans egen tok ikke imot ham."

Det var Gud som tok initiativet, ikke vi. Religion er hjelpeøse, søkerende hender som rekkes mot en ukjent Gud. Mange forbinder religion med strev. Og det er rett dersom en tenker på de mange verdensreligioner og moderne religiøse retninger i vår tid. Alle disse har nemlig til felles dette at du skal gjøre noe for å bli frelst. Og da vil en alltid føle at en ikke strekker til, selv om en strever og strever, ofrer og ofrer.

Kristendom er Guds hender rakt ned til oss i Jesus Kristus. Både krybben og korset taler om dette.

Gjennom livets ord rekker Gud i dag sine hender mot oss, med frelse og tilgivelse. "Her nede er de evige armer". Lykkelig er hver en som i tro kan svare: "Så rekker jeg deg nu med glede min hånd." Vel kan troens hånd være svak og skjelvende. Men Guds hånd er sterk. "Frykter jeg min tro å miste, Jesus holder fast." Og sant er det at også den som har en svak tro, har Kristus og intet mindre. Den som har en sterk tro, har Kristus, men intet mer. Himmelens utstrakte hender gir Kristus som gave til syndens jord. Det er julens glede.

Også rent menneskelig er julen de utstrakte henders høytid. Midt i en hatets verden representerer julen medfølelse og kjærlighet. Aldri er vi så gode mot hverandre som i julehøytiden. Og dens budskap vil lære oss hvordan vi skal leve, hver dag, og hver tid.

Utstrakte hender i Jesu navn gir fred og frelse. De bringer Himmelens ned til jorden.

"Vi takker Gud fordi vi gjennom våre utsendinger, i ord og gjerning får være utstrakte hender, ikke som krever, men som gir frelsens ufattelige gave.

Gud gi at vi ikke står overfor våre medmennesker med tomme, harde eller knyttede hender. La oss gi videre hva vi selv har fått. Da knytter vi kjærlighets hellige bånd.

Josef Dahl
Fra "Misjonsvennen"

- om gudstenesta (11)

Om å gå til kyrkje

Dette vert den siste artikkelen i denne serien. Og denne gongen har eg saksa nokre liner frå boka "Innersiden" (Triangelforlaget). Her står det om nokre vanlege innvendingar mot å koma til kyrkje - og kva ein kan svara til dei. Desse linene er til ettertanke og sjølvprøving. Er du klar?

- Eg møter min Gud i naturen.
- Men der møter du berre Guds hjerne, ikkje Guds hjarte.
- Presten vår er så treig!
- Bad du for han?
- Eg høyrer på radioen i staden.
- Høyrdde du på?
- Eg treng ein morgen til å sova ut.
- Du treng Jesus.
- Eg er ein like bra kristen sjølv om eg ikkje går i kyrkja.
- Er du?

Kjell Arne Norum



EI FIN JULEGÅVE

Vi vil igjen minna om tripp trapp-pakkane frå Dåpsring for heimane.

Ein kan abbonera for eit barn på ein serie "pakkar" som gjev hjelp i oppsedinga av barnet. Er det noko for ditt fadderbarn?

Nærare opplysningar hjå HD-forlaget,
Postboks 6796 St.Olavs plass
0130 OSLO 1

JULEGÅVA I ÅR!



Salmeboka er meir enn ei bok du lærer i kyrkja. Den er også ei bok å leva med, ei bok å knytta seg til. Har du skaffa deg ei salmebok som kan vera din eiga?

No kan du få Norsk Salmebok med ekte skinn og gullsnitt, i hendlig format!

Ei vakker bok å eiga - og ein framfrå gavetid til jul!

Kr. 290,-

VERBUM
(Andakistboksselskapet)

Det er jul att

Mørketid er juletid, ikkje fordi vi likar mørkret. Juletid er høgtid med lys og glede. Vi finn ikkje så mykje av lyset ute. Der rår mørkret dei fleste timane i døgeret. Men vi søker inn i hus og heim og varmar opp og terner alle lysa for å skapa glede og tryggleik.

Difor ser vi fram mot juledagane og kveldane inne i lag med dei andre, far og mor, syskén, kanhende også onklar og tanter eller bestefar og bestemor.

Ikkje alle har det slik at dei kan oppleva ei lukkeleg juletid saman med familién. Men vi alle treng lys og varme. Det treng og dei som er einsame. Dersom du veit om ein som er einsam, skal du beda han inn til deg og laga i stand lys og varme og mat for han. difor kom Jesus Kristus hit til oss. Han ville skapa lys og varme og kjærleik i ei mørk, kald og hatig verd.

Men enno medan vi ser fram til desse velsigne dagane, arbeider og strever vi for å skapa dette lyset og denne varmen som vi lengtar etter. Mor bakar kaker, kjevlar og elter deigen. Far høgg og sagar ved til julekvelden. Både far og mor tek eit tak for å gjera heile huset reint. Både golv, veggar og tak tek vi eit tak med bøtte, kost og vaskefille. Og så er det alle presangane då. Mor og far kjøper herleg julemat og mange fine julegåver med fint papir utanpå. Veslegut er nyfiken og ventar berre på julekvelden då han skal få sjå kva for spanande ting som gøymer seg i alle desse pakkane. Kanhende er det ein liten bil der eller elektrisk tog i miniatyr.

Det er ikkje så lite som skal til i alle desse førebuingane. Alle ynskjer å gjera det så koséleg, triveleg, varmt, lyst og godt som mogeleg. Tida renn av stad, og ikkje før ein veit ordet av det, så er julekvelden her. Då skal også julestreet vera pynta med lys, glitter og stas.

Då lengtar vi etter freden, roen og kvila. Då går vi til kyrkje med jubel- song og klokkeklang. Då lyder gledes-



bodskapen på nytt: Åre vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i. Nettopp denne bodskapen lengar alle etter å høyra. Det vert ikkje jul utan denne gleda og freden.

Men midt i alle førebuingane våre har vi så lett for å gløyma kva som er det viktigaste i heile jula. Mange gonger vert arbeidet, slitet og strevet hovudsaka for oss, og freden og glede vert borte. Berre ramma ikring sjølve jula vert så alt for lett hovudsaka.

Men kva skal vi ha ei ramme til om vi ikkje har biletet i midten? Ei ramme duger ikkje til noko dersom det ikkje er eit bilet i midten. På same måten er det med alle førebuingane våre. Dersom Jesus vert borte i alt ståket, strevet og maset før jul, vert det ikkje skikkeleg jul. Du må sleppa Jesus Kristus inn i ditt eige sinn.

Men slik er det ikkje alltid til jul. Borna tenkjer kanhende mest på alle dei spanande presangane. Mor tenkjer på juleribba eller pinnakjøtet. Far tittar berre inn i fjernsynet for å kosa seg. Men då vert det ikkje jul. Les juleevangeliet før middagen og presangane. Lukas 2,1-20 har all den gleda og freden vi lengtar etter. Berre når Jesus Kristus på denne måten kjem inn i stova, kjem julefreden og julegleda. Då vert det eit bilet til den store ramma. Då vert det verkeleg julehøgtid.

Med desse orda vil vi ynskja dykk alle ei velsigna og fredeleg julehøgtid!

Elin og Inge Christian Meidell

INGEN ER GLØYMT



Eg vil òg gjerne sende ei helsing til alle i kyrkje- lydane no når det lid mot jul. Denne gongen går tankane mine særleg til dei som føler at jula er ei vanskeleg tid - det kan til dømes vere sorg og savn, sjukdom eller ein semd som gjer det slik.

Jula fortel oss at ingen er gløynt av Gud.

Jesus vart fødd i ein stall og ikkje i eit slott. Ved slottet er det vanskeleg å sleppa inn. Til stallen, derimot, kan alle koma!

"Så skal ljuset frå det høge gjesta oss som ei sol- renning og skina for dei som bur i mørker og dødsskugge, og styra føtene våre inn på freds veg." (Luk.1,78-79)

Helsing
Kjell Arne Norum

SLEKTERS GANG

Døypte

DALE

- 18.10. Åsa Trengereid Hesjedal
- 18.10. Stefan Nesse
- 15.11. Thomas Karstensen
- 15.11. Eirik Laastad
- 15.11. Stine Carlsen
- 15.11. Hege Jakobsson Bjørkheim



Avlidne

STAMNES



- 02.11. Olav Bernhard Vevatne f.1905
- 05.11. Ingvald Aas f.1898

EIDSLAND

- 13.10. Bergit Eide f.1912

BERGSDALEN

- 23.10. Klara Kristine Lid f. 1907





JULEBANDET

Julebandet var teiknet utandørs på at høgtida var kome. Det er ein skikk som er livs levande i dag, og like mykje i byen som på landet. Ein kan nok også tale om ei viss spesialisering hjå somme bønder for å skaffe kornband til dei hundretusentals husvære. I vår tid fyller kornbandet eit dobbelt føremål: Det ber oppe ein gammal skikk, og det er eit konkret uttrykk for den eldgamle medkjensla med alt levande ved juletider. Ein vil gjerne tru at julenekskikken er like alderdomleg som dei fleste tradisjonelle elementa i julefeiringa. Det synest likevel ikkje å vere slik, for dei eldste kjende døma på nordisk grunn skriv seg frå midten av 1700-talet.

I 1753 skildra Erik Pontoppidan skikken slik frå Vestlandet: "Jule-Aften gaaer den Norske Bondes Hosspitalitet saavidt, at han end også byder Fuglene til Giest, settende et utærsket Korn-Neeg uden for Lade-Døren paa en Stang, hvorved Spurrer og andre smaa Fugle holde sig ret lystige."

Året etter høyrer vi tale om ein prest som "skrækkeligen i sin Prædiken paa 1ste Jule-Dag har tordnet mod den gamle her i landet brugelige Skik...." og finn den som "en af de mest overtrøiske, følgeligen syndigste Skikke."

Også frå Gudbrandsdalen er skikken omtala, og der er føremålet nemnt: "... i den Hensigt, at de (sporvane) næste Aar ikke skal giøre dem Skade paa Ageren".

Seinare tradisjon kan fortelje at skikken har vori utbreidd over mest heile landet. Truene knytte til julebandet har sameleis vori svært lik alle stader. Til dei vanlegaste høyrer at fuglane av takksemど for vintermat ikkje skulle gjera skade på sommaråkeren. Det varsla godt år om fuglane kom i mengd i bandet og var kvate. Åt dei ikkje av bandet, ville det lett bli uår.

Det har vori ymse forklăringer på opphavet til og meiningsa med julebandet, helst slik at det vart tolka som eit offer til ein eller annan voksterdemon eller ei magisk handling i samanheng med vegetasjonsritar. Det har også vori hevd at skikken opphavleg kan ha komi frå eit bymiljø og at alle truene som er kjende fråseinare tradisjon, er sekundære parallellforklăringer etter eit velkjent mønster i bygdemiljøet.

Ein kan ikkje utan vidare avskrive alt dette, men det synest vel så rimeleg å tru at fuglane kjem inn under det vanlege åtferdsmønsteret i juletida, at alt levande skulle ha fred og føde, så langt det var mogeleg. Ein del av denne norma kjem fram i den omhug dei la i å hindre at fuglar og dyr kom i snarer og feller i juletida. Dei truer og førestillingar som vi kjenner om kornbandet, let seg godt felle inn i det vanlege mønsteret, og skikken er lettast å forstå som ein gammal bondeskikk.

Frå:
Olav Bø: VÅR NORSKE JUL
(Det norske samlaget)

FAMILIEGUDSTENESTE I DALE KYRKJE 15. november



BARNEKORET SYNG



UTDELING AV
"GODT NYTT"
TIL 11-ÅRINGANE

Gjengitt etter "Bibelen for små og store"
Copyright: Det Norske Bibelselskap



Jesus blir født

Det skjedde i de dager at det gikk ut befaling fra keiser Augustus om at hele verden skulle innskrives i manntall. Denne første innskrivingen ble holdt mens Kvirinius var landshøvding i Syria. Og alle drog av sted for å la seg innskrive, hver til sin by.

Josef drog da fra byen Nasaret i Galilea opp til Judea, til Davids by Betlehem, siden han var av Davids hus og ætt, for å la seg innskrive sammen med Maria, sin forlovede, som ventet barn. Og mens de var der, kom tiden da hun skulle føde, og hun fødte sin sønn, den førstefødte, svøpte ham og la ham i en krybbe. For det var ikke plass til dem i herberget.

Det var noen gjeterne der i nærheten som var ute og holdt nattvakten over sauene sine. Med ett stod en Herrens engel foran dem, og Herrens herlighet lyste om dem. De ble meget forferdet. Men engelen sa til dem: «Frykt ikke! Jeg kommer til dere med bud om en stor glede, en glede for hele folket: I dag er det født dere en frelses i Davids by: han er Kristus, Herren. Og dette skal dere ha til tegn: Dere skal finne et barn som er svøpt og ligger i en krybbe.» Med ett var engelen omgitt av en himmelsk hærskare, som lovpriste Gud og sang: «Ære være Gud i det høyeste og fred på jorden blant mennesker som har Guds velbehag!»

Da englene hadde forlatt dem og vendt tilbake til himmelen, sa gjeterne til hverandre: «La oss gå inn til Betlehem for å se dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Og de skyndte seg av sted og fant Maria og Josef og det lille barnet som lå i krybben. Da de fikk se ham, fortalte de alt som var blitt sagt dem om dette barnet. Alle som hørte på, undret seg over det gjeterne fortalte. Men Maria gjemte alt dette i sitt hjerte og grunnet på det. Gjeterne drog tilbake, mens de priste og lovet Gud for det de hadde hørt og sett; alt var slik som det var blitt sagt dem.



BARNESIDER



HOVUDPERSONEN

No er det ikkje lenge igjen til jul. Både store og små gler seg til det. Vi får gaver god mat, julepost, gjerne nokon nye klær m.m. Dette er kjekt og det høyrer jula til. Men det er ikkje på grunn av dette vi feirar jul. Kvifor feirar vi jul?

Du veit det sikkert. Vi feirar jul for å minnast at Jesus var fødd.

"I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Kristus, Herren."

Det er lett for at vi blir så opptatt med alt dette andre og så gløymer vi at det viktigaste med jula er JESUS.

Det er han som er hovedpersonen.

Tenk om Jesus kunne få stor plass hos oss. Då skulle det bli ei god og ei riktig jul.

(Lukas 2)




DEI BESTE JULEHELSINGAR TIL STORE OG SMA
frå Reidun Skurtveit.

JULENØTTER

for heile familien.


1. Kva ord finn de i dei framheva rutene?



2. Set kryss i 5 av dei 12 rutene slik at summen vert 100.

3	75	54
19	65	13
26	27	5
83	10	41

3. Den første bokstaven i kvar teikning hjelper dykk til å stava to bibelske bynamn. Kva for byar?



(Løysingar på side 14)

HIMMELEN PÅ FORSKUDD?

Eg vil anbefala ei bok: "Himmelten på forskudd" av Anders Bergem (Luther forlag 1987). Boka er eit oppgjer med framgangsteologien.

Forfattaren seier i forordet: "Min egen interesse for fenomenet blei først vakt gjennom kontakt med mennesker som søkte sjelesorg. Som sykehusprest hadde jeg min tjeneste i stor grad blant mennesker som var plaget av psykiske lidelser. Ikke så rent få av disse bekjente seg som kristne, og noen av dem hadde blitt innfanget av denne forkynnelsen... Uten unntak var det de fortalte, berettninger om store og klare løfter. Men det var også beretninger om kulde, skufelse og fortvilelse når de lovede resultater uteble. Nøden var stor nok på forhånd. Etterpå blei den enda tyngre å bære."

I sommar tok eg sjølv til å lesa i bøkene til framgangsteologen Kenneth Hagin. Dei skrænde meg!

Hagin siterer mykje frå bibelen. Men to ting slo meg straks: Kor vilkårleg utvalet av skriftstader er. Og kor vilkårleg tolkinga er. Så vert resultatet deretter: Mennesket er ei ånd, slik som Gud. Dei kristne er nærmast syndfrie (gjev det var så vel!). Ein kristen treng ikkje verta sjuk. Han kan ta full kontroll på alle livets område og oppleva eit liv utan sjukdom og lidning, med økonomisk velstand, intelligente born osb. "Du vil alltid i ditt liv få det du trur på og det du seier."

KIRKEN SOS

Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med? Ring 23 30 80. Apent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00



Bibelen teiknar eit heilt anna bilet av den kristne sitt liv i denne verda. (Les t.d. 1.Kor.4,8-13) Resultatet av denne forkynninga vert slit, strev og skuffelser. Menneske med problem får ei ny bør: "Det er noko i vegen med trua mi!" Trøysta i evangeliet vert trengd i bakgrunnen bland framgangsteologane.

Les boka til Anders Bergem! Det er dverre ei naudsnyt bok.

Kjell Arne Norum

JULEBØNN

Hellige Far, hjelp oss at ikke gavere skuler for GAVEN, at ikke barna skuler for BARNET, at ikke lysene skuler for LYSET, at ikke stjernene skuler for STJERNEN, at ikke budbærerne skuler for BUDSKAPET, at ikke ordene skuler for ORDET, ORDET om at "et barn er oss født", ORDET om at "en Sønn er oss gitt", Hør meg i Faderens Sønnens og den Hellige Ands naun. AMEN!

ØNSKEDIKTET

Denne gongen tek vi med eit ønske frå ein lesar på Vaksdal. Ho fann dette diktet i avisas Ryfylke 6. febr. 1981, og vil gjerne dela det med oss andre.

LA GODHETEN RÅDE

La godheten råde, tilgivelsens ånd få bryte igjennom de strammende bånd som ikke kan glemme de ting som har hendt. Følg kjærlighets stemme før det er for sent!

Tilgivelse trenger vi alle i blant. Å tilgi gir glede, det tror jeg er sant. Bli frigjort fra hatet, få kjærlighet inn, for det er til bate for sjel og for sinn.

La godheten råde! Jeg vet at du får det meste av gleden i kommende år. Å glemme og tilgi er sindig og stort, forstå og forlate det andre har gjort.


Vi snuble kan alle, trø utfør en kant, og dypt kan vi falle, til bunns og i blant, men den som et redningstau da kaster ut, blir glad og i framtid velsignet av Gud.

La godheten råde i ett og i alt! Der vondskapen styrer er kjølig og kaldt, men godheten den er det beste vi har. Må den bli vår stjerne på livsveien klar!

S



Tid for julebadet!



BANGLADESH ETTER FLOMKATASTROFEN

- Gir ikke opp -

Folk i Bangladesh gir ikke opp. De kan ikke det. Nå er de igang med gjenoppbyggingsarbeidet etter storflommen tidligere i høst. Nok en gang var det områdene i nord som var hardest rammet.

Rangpur - Dinaipur distriktet er det fattigste og mest overbefolka område i Bangladesh. I juli-august falt det fem ganger mer regn enn normalt. Den verste oversvømmelsen på 40 år la 40-50% av all dyrkbar mark under vann. Så mange som 1,5 mill. mennesker ble fanget av vannet. I dette området har LWS (World Lutheran Service), med støtte av Kirkens nødhjelp, drevet et omfattende langsiktig hjelpearbeid siden krigen i 1971.

Etter katastrofen har LWS i samarbeid med de lokale myndigheter arbeidet døgnet rundt for å dele ut mat og sørge for at flomofrene har tilgang på rent vann. I tiden framover vil LWS bruke store deler av sitt budsjett til "penger-for-arbeid"-prosjekter. Først og fremst er det snakk om veg-



Kvinnene i Bangladesh har mange oppgaver. De har ansvaret for barna, men må også ta tunge tak ved reparasjoner av ødelagte diker.

arbeid og reparasjoner av ødelagte diker, men de vil også prioritere jordbruksrehabilitering og helsearbeid. Like sikkert som at Bangladesh vil leve nye naturkatastrofer vil LWS fortsette sitt langsiktige arbeid for å gjøre hverdagen litt lettere og fremtiden litt lysere.....

LØYSINGAR PÅ JULEN

1. Julebodskap
2. 3+19+27+41+10=100
3. Byar: Samaria og Jerusalem

Bispevisitas til våren

No skal vi snart få høve til å helse på nye-bispes. Biskop Per Lønning vil vitja Vaksdal prestegjeld 21.-24. april neste år. Program og nærmare omtale kjem i eit seinare nummer av kyrkjebladet.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!
Kontorassistenten kan treffast på kontoret på Dale måndagar kl 10-13, tlf. 59 61 20

VELKOMEN TIL KYRKJE



24. desember - Julaftan.

DALE kl. 15.00 og 16.00 Familiégudsteneste v/sp. Meidell. Offer til sundagsskulane.
VAKSDAL kl. 16.00 Familiégudst.v/rk. Norum. Offer til Kirkens Nødhjelp.

STAMNES kl. 14.00 Familiégudst.v/rk. Norum. Offer til Stamnes og Straume sundagsskular.
EKSINGEDELEN kl. 11.00 Familiégudsteneste v/sp. Meidell. Offer til Redd Barna.

25. desember - 1. juledag.

DALE kl. 11.00 Høgtidsgudst.v/rk. Norum. Offer til Menighetsfakultetet.
VAKSDAL kl. 11.00 Høgtidsgudst.v/sp. Meidell. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

26. desember - 2. juledag.

STAMNES kl. 11.00 Høgtidsgudst.v/sp. Meidell.
BERGSDALEN kl. 11.00 Høgtidsgudst.v/rk. Norum. Offer til Dronning Mauds Minne.
NESHEIM kl. 16.00 Høgtidsgudst.v/rk. Norum. Offer til Bibelskulen på Bildoy.

27. desember - Sundag etter jul.

EIDSLAND kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

31. desember - Nyårsaften.

DALE kl. 23.15 v/sp. Meidell.
VAKSDAL kl. 23.15 v/rk. Norum. Ragnhild Gjerde spelar horn.
1. januar - Nyårsdag.

STAMNES kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon. Ragnhild Gjerde spelar horn.

BERGSDALEN kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattv.

3. januar - Kristi openberringsdag.

STANGHELLE kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattverd. Offer til Den Norske Muhammedanermisjon og Den Norske Misjonsallianse.

EKSINGEDELEN kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd.

10. januar - 1. sund.e. Kristi openberringsdag.

VAKSDAL kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

DALE kl. 19.00 v/rk. Norum. Nattverd. Offer til Kristelig Kringkastingslag.

17. januar - 2. sund.e. Kristi openberringsdag
EIDSLAND kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd.
NESHEIM kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattverd.

24. januar - Vingardssundagen.

DALE kl. 11.00 Fam. gudst.v/sp. Meidell. Utdeling av "Vi går i kyrkja" til 1.kl. Offer til IKO og Dronning Mauds Minne.

STAMNES kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd
VAKSDAL kl. 18.00 v/sp. Meidell.

31. januar - Såmannssundagen.

EKSINGEDELEN kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattverd. Offer til Dronning Mauds Minne.
BERGSDALEN kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd. Offer til Det Norske Bibelselskap.

7. februar - Kristi Forklæringsdag.

DALE kl. 11.00 v/sp. Meidell. Nattverd. Offer til Kristen Idrettskontakt.
VAKSDAL kl. 11.00 Fam. gudst.v/rk. Norum. Utdeling av "Godt Nytt" til 4.kl. Offer til Det Norske Bibelselskap.

14. februar - Fastelavnssøndag.

STAMNES kl. 11.00 Fam. gudst.v/sp. Meidell. Utdeling av "Vi går i kyrkja til 1.kl. Offer til Stammes Yngreslag.
NESHEIM kl. 11.00 v/rk. Norum. Nattverd.

17. februar - Askeonsdag.

VAKSDAL kl. 19.00 Fastegudst.v/Meidell.

21. februar - 1. sundag i faste.

EIDSLAND kl. 11.00 Fam. gudst.v/rk. Norum. Utdeling av "Godt Nytt" og "Vi går i kyrkja". Offer til Nordh. Indremisjon.
DALE kl. 19.00 v/rk. Norum. Offer til naudlidande i Afghanistan.

28. februar - 2. sundag i faste.

BERGSDALEN kl. 11.00 v/sp. Meidell. Offer til Bjørv. Bispedømmeråd og Stiftssenter.
VAKSDAL kl. 18.00 v/sp. Meidell. Offer til nytt kyrkjegorgel.

Svein Ellingsen:

Vi ser deg, Herre Jesus,
som en av jordens små.
Din fødsel er et under
vi aldri kan forstå.
Men i et evig lovsangskor
forenes alle slekter.
Vi ser deg, barn, og tror!

Vår byrde vil du bære
og ta vår tyngste vakt.
Du skal beseier mørket
med kjærlighetens makt.
Vi åpner oss for gledens ord!
Vi ser deg, barn, og hører
Guds hjerteslag på jord.

Ditt komme, Herre Jesus,
forvandler jordens natt
og bringer lys til mange
som føler seg forlatt.
Hjelp oss å gå i dine spor!
La verden se din godhet
igjennom dem som tror!



Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)
Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117
Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45
Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese